



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 30.09.2015

**Sak nr.:** 15/8149-5  
**Internt I.nr.** 43312/15

**Sak:** 90/15

**Tittel:** **Søknad om løyve til å bygge fire kraftverk i Eid og Bremanger kommunar.**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Nordfjorden er stort, men at dei fire nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For dei fire prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små til moderate, og fylkeskommunen rår difor til utbygging med nokre merknader.

Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må settast som konsesjonsvilkår.

2. Sigdestad kraftwerk  
Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Minstevassføringa om sommaren bør aukast.
3. Elde kraftwerk  
Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.
4. Stårheim kraftwerk  
Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Den planlagde kraftstasjonen bør flyttast oppover elva, helst oppstrøms Keilshøfossen. Det er lagt til grunn at tiltaket ikkje vil bety fysiske/hydrologiske endringar som fører til auka ureining, som igjen gjer at tilstanden til vassførekomsten vert dårlegare enn god tilstand.
5. Kloveelva kraftwerk  
Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Mistevassføringa om sommaren bør aukast.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Venstre og FrP** sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

I punkt 2 går setningen om minstevassføring ut.

**Fylkesutvalet** sette rfam slikt framlegg til vedtak:

I punkt 5 går setningen om minstevassføring ut.

Det vert teke inn slik ny setning:

Fylkesutvalet viser til Eid kommune sin uttale vedkomande vilkår og vassføring

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Arnstein Menes, Noralv Distad, Marit Barsnes Krogsæter og Frank Willy Djuvik røysta for framlegget frå Senterpartiet, Arbeiderpartiet, Høgre, Venstre og FrP. Trude Brosvik røysta motFramlegget frå fylkesutvalet vart samråstes vedteke

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Nordfjorden er stort, men at dei fire nye prosjekta i nokon grad vil påverke hovudinntrykket av fjord- og fjellandskapet. For dei fire prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere små til moderate, og fylkeskommunen rår difor til utbygging med nokre merknader.

Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 må settast som konsesjonsvilkår.

2. Sigdestad kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.

3. Elde kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.

4. Stårheim kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging. Den planlagde kraftstasjonen bør flyttast oppover elva, helst oppstrøms Keilshølfossen. Det er lagt til grunn at tiltaket ikkje vil bety fysiske/hydrologiske endringar som fører til auka ureining, som igjen gjer at tilstanden til vassførekomsten vert dårlegare enn god tilstand.

5. Klovelva kraftwerk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve til utbygging.

Fylkesutvalet viser til Eid kommune sin uttale vedkomande vilkår og vassføring.